

ÅRSMELDING SEIM SONGKOR 2018

Styret har i 2018 vore samansett slik:

Leiar: Kenneth Samuelsen

Nestleiar: Tove Legernes

Kasserar: Anita Kjenes

Skrivar: Guri Aarhus

Styremedlem: Gudny Sognnes*

Varmedlemmer: Solveig Seljelid* og Bjørg Furnes*

I praksis har Bjørg Furnes vore styremedlem sidan Solveig Seljelid og Gudny Sognnes begge har hatt permisjon sidan august 2018.

Valnemd: Karen B. Nesse og Vibeke Gausereide

Noteforvaltar: Anne Mette Krøger

Musikkutval: Hildegunn Sture Sylta, Arve Hopland, Knut Atle Johannesen, Tove Anette Holter (til mai 2018) og Arild Rohde (frå august 2018).

Dirigent: Tove Anette Holter var dirigent ut sesongen 2017/2018, medan Arild Rohde overtok hausten 2018. Koret takkar Tove for langt og godt samarbeid og ønskjer Arild velkommen som ny dirigent.

Det er halde 8 styremøter og styret har handsama 31 saker.

Året 2018 starta med øving torsdag 4. januar og årsmøtet var torsdag 15. februar 2018.

- 13. januar 2018: Innspeling av songar til strøymingstenester
- 14. januar 2018: Koret deltok på nyttårskonsert arrangert av Norges Korforbund avd. Hordaland.
- 17. – 18. mars 2018: Seminarhelg med Ståle Ytterli
- 5. mai 2018: Songarstemne på Austrheim.
Dette vart siste arrangementet vi hadde med Tove Anette Holter som dirigent.
- 25. – 26. august 2018: Seminarhelg og oppstart med Arild Rohde som dirigent. Denne gongen var seminaret på Kjelstraumen Brygge.
- 16. – 17. november 2018 : Denne helga var det halde to konsertar med Rune Alver. Temaet for konserten var norsk musikk som hadde gått i gløymeboka. Framføringa av Catarinus Elling sitt stykke «Ære de evige foraar i livet» som ikkje har vore framført sidan 1881 var høgdepunktet på konserten. Den eine

konserten var i Knarvik kyrkje og den andre var Birkeland kyrkje. Det var nok litt for lite besøk på desse to konsertane, men økonomisk gjekk det bra sidan vi fekk støtte.

- 16. desember 2018: Deltok på Oster Brass sin julekonsert i Knarvik kyrkje
- 23. desember 2018: Julenatt i Seim kyrkje. Ingvild Fagna og Vidar Eldholm var gjesteartistar i tillegg til våre egne flinke solistar og koret.

Det var mykje skryt og vellæte å høyra frå publikum etter denne konserten.

Takk til kormedlemmer og dirigent for god innsats gjennom 2018.

Guri Aarhus
skrivar